

Barnas Barnehage Hundvin



Tryggleik Omsorg Glede

Følgjande vedtekter vert gjort gjeldane frå 01.01.23

§ 1. Eigartilhøve

Barnehagen er eigd og vert driven av Hundvin Naturbarnehage As, Charlotte N. Grimstad eig 100 % av aksjane og er styreleiar. Styret er oppnemnd av eigar.

§2. LOVVERK

Barnehagen vert driven i samsvar med Lov om barnehagar m/ forskrifter og Rammeplanen for innhaldet og oppgåver for barnehagar. Gjeldande lover, forskrifter og retningslinjer frå Kunnskapsdepartementet, årsplan, kvalitetssikringsplan og målsetningane til barnehagen er lagt til grunn.

§3. FORMÅL

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

(Lov om Barnehager§ 1).

Ved alle handlingar som forsetas av selskapet Hundvin Naturbarnehage, skal omsynet til barnas beste vera grunnleggande.

Barnehagen vert driven i samsvar med:

- a) Lov om barnehagar og Kunnskapsdepartementet sine fastsette forskrifter og retningslinjer til ei kvar tid
- b) Rammeplan for barnehagar
- c) Vedtak i Barnas barnehage As
- d) Årsplan/verksemdsplanar for barnehagen.
- e) Lov om internkontroll og barnehagen sine eige sikkerheits-/internkontrollrutinar.
- f) Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular.

§ 4. Barnehagen sine organ:

Eierstyret

Hundvin Naturbarnehage er underlagt styret ved eigar. Eigarstyret er økonomisk ansvarleg for selskapet og skal vera eit kontrollorgan for barnehagen. Dagleg leiar og styrar i barnehagen har hovudansvar for den daglege drifta og at den samsvarer med § 2 og § 3 i Hundvin Naturbarnehage sine vedtekter.

Hundvin Naturbarnehage
Hundvinsvegen 5
5956 Hundvin
Tlf 91345461
post@hundvinnaturbarnehage.no

Barnas Barnehage Hundvin



Tryggleik Omsorg Glede

Samarbeidsutvalet

- Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ.
- Det skal etablerast samarbeidsutval på kvar avdeling.
- Samarbeidsutvalet skal bestå av 1 representant foreldre, 1 representant frå personalet og styrar på kvar avdeling. Eigar deltek dersom dette er ønskeleg. Styrar har møte- og uttalerett, men ikkje stemmerett. Samarbeidsutvalet konstituerer seg sjølv.
- Representantar for foreldreråd og tilsette vert valt for eit år om gongen.
- Samarbeidsutvalet held møter når det er nødvendig, av utvalet sin leiar, av eit medlem i samarbeidsutvalet eller av eigarstyret. Styrer kallar inn til første SU-møte, seinare er det leiar i SU sin oppgåve. Det skal gjennomførast minimum 2 møter i kvar barnehageår.
- Ved likt tal stemmer på samarbeidsutvalsmøtet avgjer leiaren si stemme.
- Samarbeidsutvalet skal mellom anna behandle årsplanen for den pedagogiske verksemda, bli førelagt og har rett til å uttale seg i saker som er viktige for barnehagen sitt innhald, verksemd og forholdet til foreldra. Slike saker er mellom anna budsjett, driftsendringar samt utnytting av areal ute og inne.

Foreldreråd

- Foreldrerådet består av foreldre/føresette til alle barna i barnehagen. Foreldrerådet skal fremje samarbeidet mellom heimen og barnehagen.
- Foreldrerådet kan be om å få seg førelagt saker som er viktige for foreldra sitt forhold til barnehagen. Foreldrerådet har rett til å uttale seg i slike saker før avgjerse blir tatt. Innkalling til foreldrerådsmøte skjer med 14 dagars varsel og saksliste skal framleggast ved innkalling. Barnehagen sin daglege leiar/styrar er ansvarleg for utsending av innkalling til foreldrerådsmøte.
- Ved avstemming i foreldrerådet skal ein gje ei stemme for kvart foreldrepar og vanlig fleirtalsvedtak gjeld.
- Foreldrerådet kan vedta at foreldrebetalinga kan settast høgare enn maksimalsatsen ref §4 forskrift om foreldrebetaling

Foreldremøte

Det skal holdast minst to foreldremøte i året. Tema på foreldremøta skal drøftast i SU.

§ 5.

Opptak – oppseiing

Opptak

Alver kommune har samordna opptak og Hundvin Naturbarnehage er ein del av dette opptaket. Elektronisk søknadsskjema finn ein på Lindås kommune si heimeside under barnehagar. Søknadsfrist til hovudopptaket er 1. mars.

Barn som er tildelt plass i barnehagen får behalde plassen fram til barnet byrjar på skulen, eller til foreldre/føresette skriftleg seier opp plassen. Barn frå andre kommunar får behalde plassen eit barnehageår om gangen.

Opptaket vert gjort i høve til Lov om barnehagar 16 – 18. Opptak vert gjort på bakgrunn av prioriteringane i søknaden.

Opptakskriterier

Dersom ikkje barnehagen kan tilby plass til alle som søker, skal opptak skje etter følgjande prioritetsrekkefølge:

- Barn til personalet og eigar i selskapet.
- Utviding av born som allereie har plass i barnehagen
- Søsken av born som har plass i barnehagen
- Fagleg skjønnsvurdering etter alder og gruppesamansetning

Opptakskriteria gjelder under føresetnad av at tilfredsstillande dokumentasjon ligg ved søknad.

Hundvin Naturbarnehage

Hundvinsvegen 5

5956 Hundvin

Tlf 91345461

post@hundvinnaturbarnehage.no

Barnas Barnehage Hundvin



Tryggleik Omsorg Glede

OPPTAKSKRETS

Barn som er busett i Lindås kommune er prioritert. Dersom det er ledige plasser kan barn frå andre kommunar få plass.

PLASSTYPER

Hundvin Naturbarnehage har følgjande tilbod:

- 100 % plass – 5 dagar / veke
- 60 % plass – 3 dagar / veke
- 40 % plass – 2 dagar / veke

Eit tilbod 3 eller 2 dagars plass kan gjennomførast dersom barnehagen ikkje sit med tomme plasser og det ikkje medføre behov for auke i pedagognormen.

Ved ledig kapasitet i barnehagen kan foreldre/føresette med barn som disponera redusert plass kjøpe seg einskilledagar i barnehagen. Dette må avtalast med pedagogisk leiar på avdelinga. Prisen pr. dag er kr 200 og vert belasta på foreldrebetalingar i juli.

KLAGE PÅ OPPTAK

Ved hovedopptak kan søker klage over avslag på søknad om barnehageplass. Søker kan også klage dersom søker verken får sitt første eller andre ønske oppfylt.

Ved supplerende opptak kan bare søkere til barnehagen med lovfestet rett til prioritet etter barnehageloven § 16 klage dersom de ikke tilbys plass i den aktuelle barnehagen.

PERMISJON

Ved barselpermisjon, mellombels flytting og liknande kan det søkjast om permisjon frå barnehageplassen. Permisjon kan verte gjeve for heile eller halve barnehageår, og vert mellom anna vurdert ut frå om anna barn kan fylle plassen. Permisjonssøknaden må nøye vurderast i høve til ledige plassar for det barnehageåret barnet kjem tilbake. Søknad om permisjon skal vere skriftleg, og sendast dagleg leiar minst ein måned før den skal gjelde.

OPPSEIING / ENDRING AV Plass

Ved ønskje om endring av plass må det føreligg ein skriftleg søknad.

Endring av plass kan gjennomførast dersom barnehagen ikkje sit med tomme plasser.

Gjensidig oppseiingsfrist er 2 månader frå den 01. kvar måned. Oppseiinga skal være skriftleg.

Der oppseiinga blir levert 01. mars og seinare, må det likevel betalast ut barnehageåret.

Reglane for oppseiing gjeld frå og med føresette har bekrefta at dei tek imot plassen.

§ 6.

OPNINGSTIDER / FERIE

- Held ope frå kl. 7.00 - 16.30 vekas fem første dagar.
- Er stengd jule- og nyttårsaftan og stengjer kl. 12.00 onsdag før påske.
- Er stengd personalet sine 5 planleggings- /kursdagar i året
- Er stengd veke 29 og 30.
- Hovudferie på avdelinga er veke 27, 28, 29, 30, 31, 32.
- Barnet skal ha 3 veker samanhengande ferie i hovudferieperioden + 1 veka utanom.
- Hovudferien skal meldast til styrar i veke 15, 4 ferieveke skal meldast seinast 1 veke før den vert gjeldande.

§ 9.

BARNETALL, ALDER OG AREALUTNYTTING

Barnehagen tilbyr plasser til born i alderen 1 – 5 år.

Hundvin Naturbarnehage
Hundvinsvegen 5
5956 Hundvin
Tlf 91345461
post@hundvinnaturbarnehage.no

Barnas Barnehage Hundvin



Tryggleik Omsorg Glede

Norm for leikeareal inne er minimum 4 m² pr. barn over 3 år, og om lag 1/3 meir pr. barn under 3 år.

Ute bør arealet vera 6 gangar større. Godkjent uteområdet til Hundvin Naturbarnehage er området rundt avdelinga, Leirplassen og Spindelvevskaret.

§ 10. BARNEHAGENS PERSONALE

Barnehagen følgjer norm for pedagogisk bemanning jf. Lov om barnehagar §24 §25 og 26 Eigar og styrer tilset personalet. Det må føreligge politiattest ved tilsetning. Alle tilsette får egne arbeidsavtaler.

§ 11. FORELDREBETALING

Det er styret i Hundvin Naturbarnehage AS som fastset foreldrebetalinga etter dei statlege pålegg om foreldrebetaling.

Kostpengar kjem i tillegg

Foreldra betaler for 11 mnd i året, juli t er betalingsfri.

Barnehagen gjev 30 % søskenmoderasjon for 2. barn, 50 % for 3. barn.

Dersom barnet blir levert for tidleg/henta for seint, fører dette til ein kostnad på storeleik med gjennomsnittleg lønnsutgift pr. time (kr. 250 pr. time).

Dersom ikkje foreldre nyttar seg av plassen barnet har i barnehagen av ulike grunn og inga oppseiing føreligg, har ein ikkje krav på å få tilbakebetalt innbetalt foreldrebetaling.

§ 12. MISLIGHALD

Ved misleghald av betaling kan barnehagen krevje renter for sein betaling. Gjentatt misleghald vil kunne utgjere et vesentlig misleghald. Ved vesentlig misleghald kan barnehageplassen seiast opp med augeblikkeleg verknad. Før ein oppseiing på grunn av misleghald av betaling skal barnehagen skriftleg varsle føresette om konsekvensen av misleghaldet, samt gi en frist på 14 dagar til å rette opp forholdet.

§ 13. ANSVAR

Hundvin Naturbarnehage sitt personell har ansvar for barna den tida dei er i barnehagen.

Hundvin Naturbarnehage har ulykkesforsikring for alle som har plass i barnehagen.

Hundvin Naturbarnehage står ikkje økonomisk ansvarleg dersom nokon av eigendelane til brukarane blir øydelagt /forsvinn i løpet av barnehageperioden.

Hundvin Naturbarnehage kan ikkje krevje at brukarane står økonomisk ansvarlig dersom nokon av eigendelane til barnehagen blir øydelagt av brukarane i barnehagen si opningstid.

§ 14. FREMMØTE V/SJUKDOM

Sjuka barn skal ikkje opphalde seg i barnehagen. Ved tvilstilfelle avgjer styrar om eit barn p.g.a. sjukdom ikkje kan/skal være i barnehagen. Dette av omsyn til barnet det gjeld og barnegruppa.

§ 15. INTERNKONTROLL

Barnehagen skal har eit eit internkontrollsystem i samsvar med forskrift om systematisk helse, miljø og sikkerheitsarbeid. Dokumentasjon blir oppbevart i barnehagen. Interkontrollsystemet for helse, miljø og sikkerheitsarbeid er utarbeida for barnehagen og vert kontinuerleg oppdatert av styrar.

§ 16. FORVALTNING

Kommunen fører det lokale tilsynet med barnehagen

Hundvin Naturbarnehage
Hundvinsvegen 5
5956 Hundvin
Tlf 91345461
post@hundvinnaturbarnehage.no

Barnas Barnehage Hundvin



Tryggleik Omsorg Glede

- § 17. **TEIEPLIKT OG OPPLYSNINGSPLIKT**
Ein kvar person som utfører tenester eller arbeider etter Lov om Barnehagar har teieplikt etter § 44, jf. § 13 til 13 F i forvaltningsloven.
- § 18. **Politiattest**
I Lov om Barnehager § 30 står det mellom anna: Den som skal ansettes fast eller midlertidig i barnehage skal legge frem politiattest som nevnt i politiregisterloven §39 første ledd. Barnehageeier og kommunen som barnehagemyndighet kan kreve politiattest som nevnt i første ledd for andre personer som regelmessig oppholder seg i barnehagen eller har vesentlig innflytelse på barnehagens drift.
- § 19. **Helsekontroll av barn og personale**
Lov om barnehager seier at før et barn begynner i barnehage, skal det leggest fram erklæring om barnets helse. Dersom barnet har møtt til de ordinære undersøkelser på helsestasjon, kan slik erklæring gis av barnets foresatte. Barnehagens personale har plikt til å gjennomgå tuberkulosekontroll i henhold til gjeldende regelverk.
- § 20. **VEDTEKTENES VARIGHET**
Vedtektene er fastsett av styret i Hundvin Naturbarnehage og styret kan gjere endringar etter behov.

Charlotte N. Grimstad
Daglig leder og styreleiar i
Hundvin Naturbarnehage

Hundvin Naturbarnehage
Hundvinsvegen 5
5956 Hundvin
Tlf 91345461
post@hundvinnaturbarnehage.no